

**NORGES BONDELAG**

Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep.  
0030 OSLO

Vår saksbehandler  
Sissel Fykse  
22 05 45 88

Vår dato  
16.01.2012  
Deres dato  
10.11.2011

Vår referanse  
11/01535-2  
Deres referanse  
201003388

## **Høyringsfråsegn til framlegg om gjennomføring av EU-direktiv om miljøansvar – framlegg til endringar av vassdragsreguleringsloven, forurensningsloven, genteknologiloven og vannressursloven**

Norges Bondelag viser til høyringsbrev 10. november 2011 fra Miljøverndepartementet om gjennomføring av EU-direktiv om miljøansvar – framlegg til endringar av vassdragsreguleringsloven, forurensningsloven, genteknologiloven og vannressursloven.

Norges Bondelag ønskjer særleg fokus på grunneigar sin situasjon. Grunneigar kan ha leigd/festa bort grunnen til den som forureinar og dersom forureinar er vanskeleg å identifisera, ikkje lenger finst eller ikkje har pengar, går staten heller på grunneigar og krev heile eller deler av oppryddingskostnadane frå han. Eigedomen som er forureina kan vera selt, anten på den opne marknaden eller ved eit generasjonsskifte. Dette gjer at det ofte ikkje er same grunneigar som sit med eigedomen i dag, som den gong då den vart leigd ut. Som Miljøverndepartementet kjenner til, er dette problemstillinga i den såkalla Grindalensaka som no er anka til Högsterett. Grunneigar er her m.a. usamdi i at han har eit ansvar etter forurensningsloven.

For å ivareta grunneigar sine interesser vil Norges Bondelag særleg framheva følgjande:

### **1. Krav om at verksemndene stiller trygging for oppryddingskostnader**

Miljøverndepartementet skriv på side 3 i høyringsnotatet:

”Direktivet pålegger ikke virksomheter som omfattes av regelverket å ha forsikring eller annen finansiell sikkerhet for mulig ansvar, men myndighetene skal oppfordre til utvikling av instrumenter for finansiell sikkerhet som dekker ansvar for miljøskade etter direktivet.”

Norges Bondelag meiner styresmaktene skal stilla krav om at verksemder må garantera for kostnadane til opprydding av eventuell forureining. Dette må vera obligatorisk og ikkje berre eit høve styresmaktene har, jf. forurensningsloven § 63. Dette kan gjerast ved at det

---

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse:	Besøksadresse:	Telefon:	E-postadresse:
Postboks 9354 Grønland 0135 OSLO	Landbruks Hus, Schweigaardsgate 34 C 0191 OSLO	22 05 45 00	bondelaget@bondelaget.no
<b>Norges Bondelag</b> Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 939678670 Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto: 8101.05.12891 Bankkonto: 8101.05. 91392	Internett: <a href="http://www.bondelaget.no">www.bondelaget.no</a>

ved tildeling av konsesjon eller anna løyve, vert sett som vilkår at verksemda stiller økonomisk trygging for eventuelt oppryddingsansvar. For dei verksemder som ikkje treng løyve for å driva, kan det t.d. i lov stillast krav om at dei skal teikna forsikring til dekking av eventuelle oppryddingskostnader.

For dei verksemdene som har drift som treng konsesjon eller anna løyve, kan styresmaktene setja vilkår om at det skal stillast økonomisk trygging for gjennomføring av oppryddingstiltak. Denne ordninga er t.d. valt for i minarallova for dei som vil undersøkja eller driva ut mineral, sjå særleg forskrift til mineralloven 23. desember 2009 nr. 1842 kapittel 2. Den økonomiske trygginga kan etter dette regelverket stillast som ein finansiell garanti, t.d. bankgaranti, miljøansvarsforsikring, pant i sperra konto m.m. Regelverket opnar også for ordningar med individuell avsetjing. Trygginga må vera slik at den ved ein konkurs hjå verksemda, ikkje går inn i konkursbuet. Det er tiltakshavar som må koma med framlegg til trygging, men det er Direktoratet for mineralforvaltning som avgjer korleis trygginga skal vera. Ved søknad om driftskonsesjon skal søkeren alltid vurdera om det er behov for økonomisk trygging til gjennomføring av oppryddingstiltak.

Eit lovfesta krav til alle verksemder om at dei må teikna forsikring til dekking av eventuelt miljøansvar, vil gjera at forsikringsbransjen krev dokumentasjon for at verksemda ikkje forureinar. At også forsikringsselskapene fokuserer på dette og stiller krav, vil slik me ser det, redusera forureininga.

## 2. Individuell vurdering av krav om dekking av kostnader

Miljøverndepartementet skriv på side 3 i høyringsnotatet:

"Hovedregelen er at den miljøskadelige virksomheten selv skal bære alle kostnader forbundet med forebyggende og gjenopprettende tiltak. Dersom myndighetene har gjennomført slike tiltak, skal de kreve kostnadene forbundet med dette tilbakeført fra den ansvarlige, med mindre dette ville være uforholdsmessig kostnadskrevende. Det åpnes for at det i den nasjonale gjennomføringen i visse tilfeller gis unntak fra dette."

Det er svært viktig at regelverket også i framtida, opnar for at styresmaktene kan gjera ei individuell vurdering av storleiken på tilbakebetalingskravet.

I Grindalensaka ville det vore katastrofalt for grunneigaren om staten krov tilbake alle oppryddingskostnadane på nær 14 millionar kroner. Styresmaktene har valt å gå på grunneigar, som ikkje eigde eigedomen på forureiningstidspunktet og som heller ikkje har noko med forureininga å gjera. I ein slik situasjon må styresmaktene ha høve til å vurdera konkret og individuelt kor stort eit eventuelt tilbakebetalingskrav skal vera, ut i frå kor stor nytte grunneigar sjølv har av oppryddinga.

Vår dato  
16.01.2012

Vår referanse  
11/01535-2

Norges Bondelag vil her understreka, at dersom styresmaktene følgjer opp forslag under punkt 1, vil det vera forureinar, eventuelt forsikringsselskapet hans, som må ta kostnadane med forureininga og ikkje ein uskuldig tredjemann.

Beste helsing

  
Ole Jacob Helmen

  
Sissel Fylse